



Oppstilling av mannskapa like etter dei kom til Voss.

**Det nye Kvinnherad heimevern har hatt si første øving. Den var på Voss frå 10. til 14. september og mykje av føremålet var å etablere den nye organisasjonen og fokusere på heimevernets nye oppdrag og fagpensum.**

Uskedelingen, kaptein Michael V. Røsland, er områdesjef og sleg fast at øvinga gjekk svært godt, mykje fordi mannskapet var engasjert og motivert ut over det vanlege. - Fleire offiserar med lang HV-erfaring uttala at dei aldri hadde leia eit meir motivert mannskap enn det noverande Kvinnherad heimevernsområde, seier kaptein Røsland til uskedalen.no. Han gjev og ros til treningskommandoen på Voss for si støtte til Kvinnherad under øvinga. Der fekk mannskapa instruksjon i alt frå bruk av kart og kompass til avanserte sambandsrutinar og våpenbruk. - Etter å ha vore nesten gløymd i fire år er HV no på full fart inn igjen og arbeidsgjevarar og ansatte må rekna med øvingar kvar år framover, opplyser Røsland. Neste år vil øvinga truleg gå i Kvinnherad. - Områdesjefen kjem med ros til arbeidsgjevarane som i ei hektisk tid har lagt for dagen fleksibilitet og innpassa tenesta for sine ansatte. Det var frå byrjinga av dette året Heimevernsdistrikt 10 med hovudsete i Skei i Jølster vart nedlagt og talet på mannskap i HV på landsbasis kraftig redusert. Etter omlegginga er Kvinnherad HV-område ein del av Bergenhus heimevernsdistrikt og omfattar heile Kvinnherad kommune. Tidlegare var HV i kommunen delt ved den gamle kommunegrensa til Fjelberg. Kvinnherad er ein av dei store kommunane i fylket. I tillegg til at Kvinnherad heimevern er fullbemanna med bere kvinneheringar, har dei også lånt bort til andre område som ikkje har det samme grunnlaget for rekruttering. Områdesjef Røsland ser også fram mot framleis å ha eit godt samarbeid med Omvikdalen skyttarlag og til å nytta den nye skytebana på Midthølen, som går for å vera ein av dei beste i fylket, Samarbeidet med skyttarlaga er eit av dei historiske fundamenta til HV og skyttarlaga er naturlege samarbeidspartnar for HV.. Av Ola Matti Mathisen



Områdesjef, kaptein Michael V. Røsland orienterer på heimebane i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

